



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 3

September 2018

61. årgang



10. juli var det gudsteneste på Skjerjehamn, med markering av Skaparverkets dag.

**REDAKSJON:** Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik [anne.ryssdal.tveit@enivest.net](mailto:anne.ryssdal.tveit@enivest.net)

**KORREKTUR:** Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

**BANKGIROKONTO:** 3817 15 51282  
Kontingenten er fri.

**TRYKKERI:** Norengros, 3701 Skien

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE OG MJØMNA SOKN:** Jens Linde, 5966 Eivindvik. Tlf. 97509035  
[jens.linde@gulen.kyrkja.no](mailto:jens.linde@gulen.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE:** Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389  
[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no) Kontor:Ikkje onsd.

**KONTORPERSONALE:**  
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093  
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

**ORGANIST:** Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**SOKNERÅD/FELLESRÅD:**  
Gulen sokn: Jan Henrik Leknes. Tlf. 90874675. [jan.henrik.leknes@icloud.com](mailto:jan.henrik.leknes@icloud.com)

Brekke sokn: Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. [cawaatveit@hotmail.com](mailto:cawaatveit@hotmail.com)

Mjømna sokn: Bente Haugen. Tlf. 99264861. [bente.haugen@enivest.net](mailto:bente.haugen@enivest.net),

Fellesråd: Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. [malfrid.undertun@enivest.net](mailto:malfrid.undertun@enivest.net)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**  
[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** Er du på Facebook, kan du gå inn på gruppa «Kyrkja i Gulen» og «like» sida vår. Her legg vi ut informasjon fortløpande om ting som skjer i sokna, for eksempel om endringar som er komne til etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkje-kontoret er redaktør for både heimesida og facebooksidea.

## Redaksjonen

Neste nr. av bladet kjem til jul.  
Innleveringsfrist: **10. november.**

Hausten er ei flott tid. Den varme og fine sommaren har gjort årets grøde ekstra fargerik. Vi har mykje å takke for!

Gud signe årets grøde  
i alle verdens land!

Gud, gi oss daglig føde  
fra jord og hav og strand,  
og hjelp oss du å dele  
med andre det vi har,  
vårt liv, vår jord, det hele  
er ditt, vår Gud og Far!

*(Norsk Salmebok nr. 841, vers 4)*



## ... Flokken i hans hand

I Salme 95,7 står det: «*Han er vår Gud, vi er folket han gjeter, flokken i hans hand.*»

Gud ønsker, som den gode hyrde, å lede sitt folk på den veien Han har staket ut for oss. Veien som har sitt endelige mål i Himmelen, i Guds rike. På veien dit vandrer han uavbrutt sammen med oss som en trofast følgesvenn. Han er til stede i våre liv i både lyse og mørke dager.

Det er svært mye som i vår tid vil fange vår oppmerksomhet, og det er så mye vi skal være med på av aktiviteter og tilstelninger.

Men midt i din og min hverdag, som er fylt med mange ting, søker Gud i himmelen vår oppmerksomhet og vårt blikk.

Du som har prøvd å være forelsket, vet hvordan den som er forelsket, hele tiden prøver å fange blikket til den utkårede, og når blikkene møtes, slår det gnister.

Slik søker Gud blikket ditt.

Gud søker blikket ditt fordi han har en usigelig kjærlighet til deg!

*For Han er vår Gud, folket han gjeter, flokken i hans hånd.*

Derfor oppfordrer Bibelen oss til å bøye oss for Herren og legge våre liv i hans hender.

Evangeliets budskap er at vi skal få lov å legge alt i Hans sterke hender. Intet er for stort og intet er for smått for Herren!

Bibelens budskap til deg er: Du er i Guds hånd! Gud holder sine kjærlige armer rundt deg. Gud ønsker at du skal få leve i hans kjærlighet og nåde. Derfor sendte han sin elskede sønn Jesus inn i denne verden, ja, ikke bare inn i denne verden, men han har sendt Jesus til deg for å favne deg med frelse, med nåde, med tilgivelse, med kjærlighet!

Jesus lengter etter å få være hos deg med all sin nåde og kjærlighet.

Han tvinger seg ikke innpå, men han står der med to utstrakte armer og sier: Kom til meg, du som strever og

bærer tunge byrder, og jeg vil gi deg hvile.

Jesus ønsker å legge sine hender på deg, de hender som er fulle av kjærlighet og nåde, de hender som ble naglet til et kors for å gjøre soning for alle dine synder og for å bære alle dine sykdommer og plager.

For en tid siden hadde jeg kontakt med ei eldre dame en annen plass i verden, som hadde sine plager og som slet mye med nattesøvnen. Samtidig syntes hun det var vanskelig å tro at hun kunne få lov å være Guds barn. Så gjorde vi en avtale om at hun i en periode skulle takke Gud for at hun fikk være hans barn i Jesus Kristus. Dette gjorde hun en stund, og en tid senere snakket jeg med henne igjen. Da sa hun: Dette er forunderlig, nå sover jeg mye bedre om natten! Jesus viste seg som den gode hyrde som har flokken i sin hånd.

*Jens Linde*



## Skal vi ha tre eller eitt sokneråd i Gulen?

Dette er eitt av spørsmåla som du kan vere med å påverke gjennom å gje innspel til *Plan for kyrkja i Gulen 2019-2023*.

Pr. i dag er det fire råd som har avgjerdsmynde i kyrkja lokalt.

Kvar kyrkje har sitt sokneråd:

Mjømna, som utgjer Byrknes skulekrins, Gulen, som dekker Dalsøyra og Eivindvik skulekrinsar, og Brekke, som dekker Brekke skulekrins.

I tillegg har vi Kyrkjeleg fellelråd, som dekker alle sokna på avgrensa område, som tilsette, økonomi, og bygg og anlegg.

Kyrkjeverja er dagleg leiar for alle råda. Det er ei «særordning» som vi har laga. For etter lova er det berre fellelrådet som har krav på dagleg leiar. Her hos oss har vi vurdert det slik at det er stort nok verv å vere soknerådsleiar om ein ikkje skal sitte med alt «kontorarbeidet» i tillegg. Fleire andre stader har dei samla alle sokneråda til eitt råd. Og dette spørsmålet blir no diskutert i Gulen også.

Det er heilt klart både gode og mindre gode sider ved å slå saman sokneråda. Og vi treng råd frå deg.

Av andre saker som er med i planen, er kva tilbod vi skal gje til trusopplæring, korleis gudstenestene bør vere, om vi kan få til ei besøksteneste, om det kan bli mulig å etablere minnelund i staden for vanleg gravplass, og mange fleire ting...

Vi oppmodar deg om å lese gjennom planen og melde inn synspunkt. Planen er sett opp med 8 overskrifter. Kvar overskrift har eit felles mål, og så har kvart råd formulert sine forslag under.

Planen er eigentleg ein handlingsplan for kyrkja i Gulen for dei fire neste åra.

## Plan for kyrkja i Gulen 2019-2023: «Nær Gud, nær menneske»

### BARNE- OG UNGDOMSARBEID

#### Felles mål:

*Born og unge skal kjenne seg heime i kyrkja. Alle døypte skal få tilbod om trusopplæring og hjelp til ei levande tru.*



#### Kyrkjeleg fellelråd, tiltak:

\* Prioritere ressursar slik at sokna skal kunne gjennomføre trusopplæringsplanen.

\* Legge til rette for godt samarbeid mellom barnehage/skule og kyrkja. Alle barnehage- og skuleborn i Gulen

skal få tilbod om skulegudsteneste i samband med jul eller påske.

\* Organisere fellestiltaka innanfor trusopplæringsplanen:

- Minikonfirmantar
- Barnas Misjonsdag
- Felles konfirmanntopplæring, inkl. konfirmanthelg på Alværa og Basecamp i Hyllestad
- Samling for fjorårskonfirmantar/ ungdom til t.d. Basecamp, leiartrening m.m.

### **Gulen sokn, tiltak:**

\* Følgje trusopplæringsplanen med desse punkttopplæringane:

- Dåpssamtale/dåpslys
- CD til 2-års dåpsdag
- 4- og 6-årsbok
- Hausttakkefest (3-6 år)
- «Barnas» til 6-åringane
- Tårnagentar (8-9 år)
- Lys vaken (10-11 år)
- Minikonfirmantar (12-13 år)
- Kunst i kyrkja (samarbeid med skulane på mellomtrinnet kvart 3. år)
- \* Sponse born som reiser på leir.
- \* Arbeide for å få til noko fast tilbod i kvar skulekrins, å la «Sprell levande».
- \* Rekruttere fjorårskonfirmantar til hjelpeleiarar

### **Brekke sokn, tiltak:**

- \* Følgje trusopplæringsplanen
- \* Samarbeid med Tysdagskafeen, Sprell levande og evt. anna kristent arbeid for born og unge
- \* Fleire på leir, m.a. ved å gje økonomisk støtte til leirdeltakarar
- \* Auka kontakt med barnehage og skule

\* Bruke ungdomar som medhjelparar

\* Gje leiaropplæring (medleiarar, Basecamp, NMS leiarhelg)

### **Mjømna sokn, tiltak:**

\* Følgje trusopplæringsplanen ved å ha desse lokale tiltaka:

- Dåpssamtale, utdeling av dåpslys
- CD eller bok ved to-års dåpsdag
- 4- og 6-årsbok
- Hausttakkefest (3-6 år)
- «Barnas» til 6-åringane
- Pynte juletre i kyrkja (6-7 år)
- Tårnagenthelg (8-9 år, kanskje 10 år)
- Minikonfirmantar (10-11 år, kanskje 12 år)
- Lys vaken (10-11 år)
- Spesialinvitasjon til Yngres/filmkveld
- Konfirmasjon (felles undervisning, men lokal deltaking i gudstenester mm.).
- \* Samarbeide med Barneforeining og Yngres.
- \* Sponse deltakarar på leir
- \* Tilby gratis leiaropplæring av fjorårskonfirmantar (eller andre) som vil vere leiarar, (Aktuelt å samarbeide med Basecamp i Hyllestad eller NMS si leiarhelg på Alværa i januar)

## **DIAKONI OG**

## **SAMFUNNSENGASJEMENT**

### **Felles mål:**

*Alle skal bli sett. Kyrkja skal inkludere, tilby møteplassar og samhandle med andre om førebygging og omsorg. Kyrkja skal ta del i samfunnsdebatten, med eit særleg engasjement for menneskeverd,*

*skaparverket og kamp mot undertrykking og urettferd.*



### **Kyrkjeleg fellestiltak, tiltak:**

- \* Samordne fellestiltak for sokna
- \* Prest, organist og frivillige skal tilby andaktar på bu- og omsorgssentra og på sjukeheimen
- \* Syte for miljøvenleg drift av verksemda, og bli «Grøn kyrkjelyd»
- \* Legge til rette for praktisk diakoni i kyrkjelydane, gjerne ved fellestiltak som besøksteneste, kurs m.v. (Diakoniutval?)
- \* Vurdere innleige av diakon finansiert av lønsmidlar/fast gjevarteneste
- \* Delta aktivt i arbeidet rundt «Kystpilegrimsleia», og få til lokalt samarbeid med kommune og næringsliv for at Gulatinget/Gulen kyrkje blir gode besøksmål

### **Gulen sokn, tiltak:**

- \* Samling/andakt på Bu- og omsorgssentra og på Gulen sjukeheim
- \* Delta på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon (konfirmantane)
- \* Kyrjekaffi på kvar gudsteneste
- \* Samarbeide med andre lag og organisasjonar om aktuelle tiltak

- \* Opne for å låne ut kyrkja til samlingar for andre kristne trussamfunn
- \* Bruke «fair trade»- og svanemerka produkt
- \* Invitere til open kyrkje på Allehelgensdag (Helgemesse)
- \* Arrangere kyrkjelydstur eller andre samlingar
- \* Delta i besøksteneste
- \* Bygge ned framandfrykt og utanfor-skap

### **Brekke sokn, tiltak:**

- \* Det skal vere minst fire andaktar/samlingar på Brekke bu- og omsorgssenter, gjerne i samarbeid med andre organisasjonar
- \* Årleg fasteaksjon for Kirkens Nødhjelp med konfirmantane
- \* Det er eit mål å bli «Grøn kyrkjelyd»
- \* Blomehelsing til etterlatne/pårørende
- \* Kyrjekaffi
- \* Open kyrkje på Helgemesse (Allehelgensdag)
- \* Besøksteneste
- \* Inkludere folk frå andre land/kulturar

### **Mjømna sokn, tiltak:**

- \* Regelmessige samlingar/andaktar på Bu- og omsorgssenteret
- \* Årleg fasteaksjon for Kirkens Nødhjelp saman med konfirmantane
- \* Tilby skyss til kyrkja
- \* Arrangere og invitere til dugnader
- \* Ha kyrjekaffi bak i kyrkja etter gudstenesta
- \* Finne frivillige som kan delta i besøksteneste

## GUDSTENESTELIV OG KYRKJEMUSIKK

### Felles mål:

*Alle skal kjenne seg velkomne i kyrkja. Folk skal oppleve gudstenesta som viktig og vanleg. Gudstenesta skal formidleg den kristne budskapen, gje fellesskap og utfordre. Kyrkja skal ha «låg terskel og høgt under taket»*



### Kyrkjeleg fellesråd, tiltak:

- \* Sokn som gjer klokkarteneste på dugnad, skal få utbetalt årleg godt-gjersle
- \* Syte for gode rammer rundt aktivitetane og at kyrkjene er sette i stand til arbeidet
- \* Følgje opp handlingsplan for kyrkjemusikk (GKF-sak 22/16). For fellesrådet vil det bety:
  - Godt vedlikehaldne orgel i kvar kyrkje
  - Piano i kyrkja, inkludert stemming
  - Fast tilsett organist i minst 60 % stilling
  - La instrumenta våre bli nytta til opplæring (musikkskulen)
  - Organist kan samarbeide med musikkskule om opplæring/rekruttering

### Gulen sokn, tiltak:

- \* Meir involvering av frivillige i

gudstenesta

- \* Konfirmantane blir involverte i gudstenesta


- \* Etablere ei forsongargruppe

- \* Salmekveldar, to pr. år

- \* Ha éi gudsteneste i året med anna musikkuttrykk, t.d. jazz, gospel, country e.l.

- \* Kyrkjevertar på kvar gudsteneste

- \* Det skal leggst til rette for at born kjenner seg heime/velkomne i gudstenesta



### Brekke sokn, tiltak:

- \* Fleire musikkarrangement/salmekveldar, t.d. ved å invitere inn artistar utanfrå
- \* Opprette salmekveldgruppe
- \* Det blir lagt til rette for at born kjenner seg heime i gudstenesta m.a. med å ha minst éin barnesong/rørsler
- \* Etablere «forsongargruppe» for å lære/leie nye salmar/barnesongar
- \* Konfirmantane skal involverast i gudstenesta
- \* Bruke pianoet meir
- \* Kyrkjevertar
- \* Kyrkjekaffi
- \* Lage arena for å snakke om trua/«preika»; «Drøs om åndelege ting»

### **Mjømna sokn, tiltak:**

- \* Arrangere salmekvelder i kyrkja
- \* Kvar gudsteneste skal ha ein salme som er allment kjent, og ein salme for borna
- \* Det blir lagt til rette for at born kjenner seg heime i gudstenesta gjennom song, rørsler, praktiske gjeremål og tekstgjennomgang
- \* Kyrkjevertar som ønskjer velkomen, lagar kyrkjekaffi og hjelper til/er vertskap
- \* På kyrkjekaffien skal det leggst til rette for at folk kan samtale om gudstenesta/teksten
- \* Det skal vere offer på alle vanlege gudstenester
- \* Ha utegudsteneste/temagudsteneste; døme Skaparverkets dag
- \* Soknerådet prøver å få til eit godt samarbeid med andre lag og organisasjonar i soknet

### **EVANGELISERING OG MISJON**

#### **Felles mål:**

*Vi skal støtte opp om evangeliseringsarbeid og misjon gjennom deltaking, gaver og arrangement.*

#### **Kyrkjeleg fellestråd, tiltak:**

- \* Vere bindeledd mellom sokna og Misjonæravtale, søknad om offer, og føre rekneskap med offergåver.
- \* Reklamere for leirar og samlingar.
- \* Tilby leiar kurs til fjorårskonfirman-tar

#### **Gulen sokn, tiltak:**

- \* Misjonæravtale
- \* Offer på kvar gudsteneste
- \* Samarbeid med NMS om Barnas

### **Misjonisdag**

- \* Sponsing og informasjon om leirar, Basecamp m.m.
- \* Starte bibelgruppe/samtalegruppe
- \* Ta aktivt del i Kystpilegrimsleia med å tilby stempel, arrangere felles-turar og skape lokal pilegrimskultur



### **Brekke sokn, tiltak:**

- \* Misjonæravtale
- \* Barnas Misjonsdag
- \* Delta på Kyrkje- og misjonsdag på Alværa i januar og Alværastemnet i juni
- \* Offer på alle gudstenester

### **Mjømna sokn, tiltak:**

- \* Misjonæravtale, inkl. to offer i året
- \* Vere med på Barnas Misjonsdag (fellestilltak) på Kristi Himmelfartsdag
- \* Arrangere årleg møteveke i samarbeid med Byrknes bedehus

### **INFORMASJON**

#### **Felles mål:**

*Folk skal lett finne informasjon om kva som skjer i kyrkja, kven dei skal kontakte, og om kyrkjelege handlingar*

#### **Kyrkjeleg fellestråd, tiltak:**

- \* Bruke nettsida for fast informasjon,



markering av hendingar og kalender for det som skal skje

- \* Redaksjonsansvaret for nettsida, Kyrkjelydsbladet og facebook-sida «Kyrkja i Gulen» ligg til kyrkjevevja
- \* Kyrkjelydsbladet skal kome ut med ca. 5 nr. i året og vere betalt av gåver (ein giro i bladet pr. år): Sokneråda deler ut bladet til alle fastbuande
- \* Gudstenestelista blir lagt inn på kommunekalenderen og sendt til lokalavisene
- \* Gudstenestene blir kunngjorde med plakatar

### **Gulen sokn, tiltak**

- \* Utfordre to-tre personar til særleg å tenkje bilete/stoff til Kyrkjelydsbladet

### **Brekke sokn, tiltak:**

- \* Ta bilete/skrive til Kyrkjelydsbladet frå aktivitetar i Brekke sokn
- \* Dele ut kyrkjelydsbladet på dugnad
- \* Bruke Kyrkjelydsbladet aktivt for å nå ut til folk

### **Mjømna sokn, tiltak:**

- \* Nytte Kyrkjelydsbladet som informasjonskjelde
- \* Ta bilete frå det som skjer i Mjømna sokn til Kyrkjelydsbladet eller nettsida/FB
- \* Dele ut Kyrkjelydsbladet på dugnad, + nokre blad som ligg i butikken
- \* Avgjere om Mjømna skal ha eiga FB-side eller bruke «Kyrkja i Gulen» som si side

## **KYRKJE OG KYRKJEGARD**

### **Felles mål:**

*Kyrkjene og kyrkjegardane skal innby*

*til trivsel, ettertanke og ro. I eit mangfaldig samfunn skal kyrkjegardane vere ein verdig stad for alle.*



### **Kyrkjeleg fellesråd, tiltak:**

- \* Sikre godt vedlikehald av kyrkjer og gravplassar innanfor tilgjengelege ressursar
- \* Årleg møte mellom fellesrådsleiar/ kyrkjevevja og kommunen v/ordførar og rådmann for å avklare ressursbehov og samarbeid, samt gje kommunestyret naudsynt informasjon
- \* Gje innspel til kommunen sine budsjett- og planprosessar
- \* Gravplassane skal driftast på ein måte som gjer at alle vert respekterte uavhengig av tru og livsform, og på ein måte som folk ikkje opplever som støytande
- \* Gravplassane skal driftast på ein miljømessig god måte, det skal leggast til rette for avfallssortering, og biologisk avfall skal kompostereast. Bruk av materiale som ikkje er nedbrytbart i kransar m.m. er ikkje tillate
- \* Gjennomgå tenestekjøpsavtalen med kommunen
- \* Vurdere å tilsette eigen vedlikehaldsarbeidar
- \* Montere fastmerke på alle gravfelt
- \* Sikre avtale med andre fellesråd for

graver som krev særleg utforming, viss vi ikkje kan tilby det sjølve

- \* Opprette namna urneminnelund på dei tre største kyrkjegardane
- \* Kyrkjene skal vere tenlege for den aktiviteten dei har, ha ei universell utforming, og sikre tilgjenge for alle
- \* Gje god oversikt og informasjon over trongen for utbetringar og investeringar



### **Gulen sokn, tiltak:**

- \* Arrangere årleg dugnad i samarbeid med Gulen pensjonistlag
- \* Betre lys inne i kyrkja

### **Brekke sokn, tiltak:**

- \* Arrangere årleg dugnad
- \* Kvart år melde inn til fellesrådet dei behova soknerådet ser for vedlikehald, utbetring og investering
- \* Soknerådet vil arbeide for å få ein namna minnelund
- \* Engasjere seg for å få til ein god prosess og mest mogleg omforeint løysing for betre sittekomfort og for å gjere kyrkjerommet tenleg for dagens bruk

### **Mjømna sokn. tiltak:**

- \* Arrangere årleg dugnad

## **FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR OG FOLKEVALDE**

### **Felles mål:**

*Frivillige er ein viktig og naudsynt ressurs. Vi vil tilby opplæring og teneste for dei som melder seg eller blir spurde om å delta.*

### **Kyrkjeleg fellesråd, tiltak:**

- \* Tilby relevante kurs og opplæring for frivillige og tillitsvalde
- \* Sikre god samhandling mellom tilsette og frivillige
- \* Gje attestar og sikre ryddige arbeidsforhold, også for frivillige medarbeidarar
- \* Stille krav om vandelsattest for frivillige leiarar som deltar på overnattingsarrangement eller som faste/løna leiarar
- \* Oppmode foreldre, fadarar og frivillige til å delta i trusopplæring og kyrkjelege handlingar
- \* Administrere gåver med skattefrådrag
- \* Avklare lokal rådsstruktur (Dvs. om vi skal halde fram med tre sokneråd eller om vi skal ha eitt sokneråd/fellessråd



### **Gulen sokn, tiltak:**

- \* Kyrkjelydsfest for frivillige annakvart år
- \* Utfordre foreldre og fadrar til å vere med som leiarar på trusopplæring
- \* Auke inntekter frå faste gjevarar

### **Brekke sokn, tiltak:**

- \* Ha samling for frivillige annakvart år
- \* Tilby, og orientere om, leiarkurs (i samarbeid med andre organisasjonar)
- \* Halde fram med frivillig klokkar-teneste. Tilby kurs og ha eit årleg møte mellom klokkarane og presten
- \* Besøksteneste

### **Mjømna sokn, tiltak:**

- \* Årleg fest for dei frivillige/Haust-festen
- \* Involvere frivillige (også dåpsfølge, familie/venner til brudepar m.m.) som tekstlesarar og liknande
- \* Mjømna sokn held fram med frivillig klokkarteneste

## **KYRKJEKONTOR OG PERSONALPOLITIKK**

### **Felles mål:**

*Det skal vere kjekt å arbeide i kyrkja. Tilsette skal få fagleg utvikling. Alle tilsette er viktige for at kyrkja skal nå måla sine og vere ei vedkjennande, misjonerande og diakonal folkekyrkje.*

### **Kyrkjeleg fellelsråd, tiltak:**

- \* Lage opplærings- og utviklingsplan og sette av budsjettmidlar til gjennomføring
- \* Gjennomføre regelmessige stabs-

møte for tilsette på kontoret og årleg medarbeidersamling for alle tilsette

- \* Kyrkjekontoret skal ha forsvarleg sakshandsaming
- \* Fellelsrådet tilbyr sokneråda dagleg leiarfunksjon
- \* Kyrkjekontoret gir sekretærhjelp til soknepresten
- \* Leiar i kyrkjeleg fellelsråd har årleg løns- og personalsamtale med kyrkje-vevja
- \* Kyrkjevjerja forvaltar personalansvaret på vegner av fellelsrådet, etter delegasjonsreglement
- \* Kyrkjekontoret skal vere mest mogleg tilgjengeleg i vanleg arbeidstid. Når det er stengt, skal ein kunne nå tilsette på telefon eller ved at sentralbordet i kommunen kan gje opplysning om kva tid ein er tilbake, eller vise til informasjon på nettsida
- \* Det er eit mål at arbeid som ikkje kan utsettast, skal kunne gjerast av minst to av dei tilsette (evt. med avtale mot anna fellelsråd)
- \* Halde fram med å leige kontor på kommunehuset og ha tenestekjøp på merkantile tenester
- \* Avklare sak om eigen vedlikehaldsarbeidar vs tenestekjøp hos kommunen
- \* Søke samarbeid med andre fellelsråd på område der vi sjølve ikkje har kompetanse, eller der vi meir effektivt kan drive i lag
- \* Fellelsrådet skal arbeide for å ta i bruk felles programvareløysingar i prostiet og kyrkja

\*\*\*\*\*

## Sommarjobb

Bodil Alida Jin Tveit har hatt ein liten sommarjobb i kyrkja. Ho har malt bårhuset innvendig, så no er det lyst og fint. I tillegg var ho vikar for klokkaren på ei gudsteneste. Kjekt for oss, og takk for arbeidet!



## Fasadelys Brekke

No er dei nye fasadelysa til Brekke kyrkje monterte. Så når hausten kjem og kveldane blir mørkare, så blir det kjekt å sjå kyrkja lyse.

## Konfirmantane i Brekke sokn 29.04.18

(Foto øvst på neste side):

Frå venstre: Thomas Håvåg, Erlend Ellingsen Årskaug, Jonas Leander Haugland, Zandra Johansen, Christian Hjartholm Solheim, Eirik Vågseth Borlaug, Gaute Hesjedal Kolås, Andreas Østerbø, Malin Svartemyr Virkesdal, Ørjan Oppedal, Margit Hantveit Breidvik og Sondre Kjelby.

## Konfirmantane i Gulen sokn 06.05.18

(Foto nedst på neste side):

Framme frå venstre: Bodil Alida Jin

Tveit, Mariell Stamnes, Anne Lihaug, Celine Berntsen, Gaute Haveland. Bak frå venstre: Madelen Sævareid, Per Fosse, Isak Svaberg, Annabel Ritchie Henriksen, Bastian Steine, Lasse Støylen Haveland, Iselin Holvik Westervik, Ådne Vabø, Eibarte Trybyte, Julius Svistunas, Hedda Tveit, Marcus Rongved Molland og Sigve Dyregrov.

## Konfirmantane i Mjømna sokn 13.05.18



Første rad frå venstre: Emma Einebærholm og Emma Sørhaug Areklett. Midtrekkja frå venstre: Erica Kristine Mjømen-Osland og Charlotte Larsen. Bak frå venstre: Konfirmantleiar Maren Daae Eide, Gaute Steinsund Unneland, Dean Rich Tormis Nesse og sokneprest Jens Linde.

## Konfirmantar i Brekke sokn 29. april (namn på første side)



## Konfirmantar i Gulen sokn 6. mai (namn på første side)



## Fellesgudstenesta på Tusenårsstaden Gulatinget 20.05.18



Geir Sørrebø m.a. ei helsing frå kyrkje-lydane i Gulen, ved soknerådsleiar i Brekke, Cathrine Waage Tveit.



## Mjømna kyrkje

Første pinsedag, 20.05.18, var det felles gudsteneste for Gulen og Masfjorden på tusenårsstaden Gulatinget. Dette vart òg ei avskilsgudsteneste for prost Geir Sørrebø, som no har gått over i pensjonistane sine rekkjer. Gudstenesta var ved Geir Sørrebø, Jens Linde og Tone Marit Dyrkolbotn.



Under avskilsmarkeringa fekk prost



I sommar har Mjømna kyrkje blitt oppgradert med ny maling og ein del ny material, og nokre små øydelagde vindaugsruter er bytta ut og kitta rundt. Det er òg fjerna nokre kyrkjebenker bakerst i kyrkja, og no går ein til innkjøp av eit stort bord der dei

framtidige kyrkjekaffiane skal vere, og der ein kan prate saman i sosialt lag (under).



## Konfirmantane 2018-19

Eit nytt kull konfirmantar er klare til dyst. I skrivande stund er det berre Gulen sokn (Eivindvik og Dalsøyra skulekrinsar) som har hatt konfirmantpresentasjon i kyrkja.



Vi ønskjer alle konfirmantane i kommunen lykke til med eit godt og lærerikt konfirmant-år, og ber kyrkje-lydane ta godt imot dei nye medarbeidarane. Kven dei er, les du her:

### **GULEN SOKN:**

#### **Eivindvik skulekrins:**

Tor Fosse

Jarle Leknes

Marthe-Helen Flolid Eide  
Sigrid Haugejorden  
Thea Katrin Haveland Kallekleiv  
Iselin Flolid Haveland  
Anna Jobbagy  
Kathe Bruåsdal Haveland  
Jørgen Håvåg  
Kim Daniel Villanger Henriksbø  
Emma Karoline Rutledal

### **Dalsøyra skulekrins:**

Emma Neverdal

Rakel Alexandra Andersen Nesse

Elias Kvamme

Marita Isabel Baldersheim Westervik

Birk Rasch

Arin Hauge Reigstad

### **BREKKE SOKN:**

Lotta Rydland Kjelby

Cecilie Hop Sundal

Bjørnar Håland

Nikolai Erik Skahjem

Eirik Engesæter

Sandra Bosdal

Trond-Atle Oppedal

Marte Inga Haugland

Vemund Østerbø Haugsdal

### **MJØMNA SOKN:**

Karoline Birgitte Stendal Byrknes

Mariell Børnes

Marta Fonnes Larsen

Suzanna Tilgner

Andrea Hjartholm

## Konfirmasjonsdatoar 2019:

Mjømna kyrkje: 5. mai 2019

Brekke kyrkje: 12. mai 2019

Gulen kyrkje: 19. mai 2019



## Andaktar på sjukeheimen og på bu- og omsorgssentra

Sokneprest Jens Linde kjem framover til å ha regelmessig besøk på sjukeheimen og på eldresentra. På nokre av samlingane kjem også representantar frå sokneråda og konfirmantar til å delta med kaffikos m.m. Også de som bur heime, er hjarteleg velkomne til å delta. Haustens datoliste ser slik ut:

### Gulen sjukeheim:

Torsdag 13. september kl. 11.00  
Torsdag 18. oktober kl. 11.00  
Torsdag 6. desember kl. 11.00  
Sundag 23. desember kl. 11.00:  
Julegudsteneste m/ nattverd.

### Eivindvik bu- og omsorgssenter:

Fredag 14. september kl. 15.30  
Fredag 19. oktober kl. 15.30  
Fredag 7. desember kl. 15.30  
Fredag 21. desember kl. 15.30:  
Julegudsteneste m/ nattverd.

### Dalsøyra bu- og omsorgssenter:

Torsdag 13. september kl. 15.30  
Torsdag 18. oktober kl. 15.30  
Torsdag 6. desember kl. 15.30  
Laurdag 22. desember kl. 11.00:  
Julegudsteneste m/ nattverd.

### Brekke bu- og omsorgssenter:

Onsdag 12. september kl. 15.30  
Onsdag 17. oktober kl. 15.30  
Onsdag 5. desember kl. 15.30  
Sundag 23. desember kl. 15.30:  
Julegudsteneste m/ nattverd.

### Byrknes bu- og omsorgssenter:

Tysdag 25. september kl. 15.30  
Tysdag 30. oktober kl. 15.30  
Tysdag 4. desember kl. 15.30  
Laurdag 22. desember kl. 15.30:  
Julegudsteneste m/ nattverd.

## Velkommen til møte i Mjømna kyrkje:

### Tysdag 18.09.-torsdag 20.09.

Møta begynner kvar kveld kl. 19.30. Me får besøk av radio- og TV-pastor i P7 Kristen Riksradio, John R. Hardang, som talar og syng på møta. Han er kjend over heile landet som ein framragande bibellærar og forkynnar, og vert kvar veke fylgd av fleire tusen menneske via radio og TV.

P7 Kristen Riksradio finn du på DAB+ over store delar av landet, og på TV på kanal 10 Norge og på Frikanalen.

P7 Kristen Riksradio driv òg mediemisjonsarbeid i mange land i Sør-Amerika, Sør-Europa og i Sentral-Asia. P7 Kristen Riksradio held til i Straume Forum i Fjell kommune på Sotra. Adr.: Idrettsvegen 10, 5353 Straume.

### Vi håper å sjå deg i kyrkja!

*Ingolf Wergeland*



## Tekstlesarkurs 27. sept.

Vi har leigd inn Ruth Hol Mjanger, som underviser på NLA, til å kome å ha kurs for oss. Dei som allereie er med som frivillige tekstlesarar i kyrkja, er sjølvsagt særleg inviterte. Men det er god plass for fleire! Og det er alltid nyttig å få litt hjelp til korleis ein betre kan framføre ein tekst, enten det er i kyrkja eller andre stader. Kurset blir i **Mjømna kyrkje, 27. september frå kl. 18.00 til 21.00.**

Kurset er gratis for deltakarane. Førebuing til kurset: *Kvar deltakar skal på førehand velje ut anten ein evangelietekst, ein tekst frå Salmane eller ein tekst frå breva i NT, som ein ynskjer å jobbe med denne kvelden. Lengde 10–20 vers. Skriv ut bibelteksten på eit A4 ark med god avstand mellom linjene, for å kunne notere i teksten. Ta med bibel og blyant.*

Kyrkjekontoret kan hjelpe med å skrive ut tekstar, viss du vil det. Meld deg på til kyrkjekontoret innan 23. september. Gledeleg: Første påmeldinga er alle-reie komen!!

## Gulenfestivalen

Vi er så heldige at Espen Selvik tar med seg muskarvenner og lagar gode konsertopplevingar til oss. I sommar arrangerte han «Gulenfestivalen 2018», med Arve Tellefsen og Einar Steen-Nøkleberg i Brekke kyrkje, så Einar Steen Nøkleberg (klaver) og Alexander Zagorinsky (cello), og til slutt domkantor

Kåre Nordstoga på orgel i Gulen kyrkje.

Visste du at Nikolai Wergeland hadde komponert ein bryllaupsmarsj? Den vart m.a. framført av Nordstoga på orgelet i Gulen kyrkje.



Arve Tellefsen trakk som venta mykje folk, og Brekke kyrkje var full. Dei andre konsertane var også bra besøkte for å vere så tett på kvarandre. Vi håpar det blir Gulenfestival neste år også!

## Vasspost på Mjømna

Vi har hatt ein fantastisk sommar! Uvanleg lite nedbør og mykje sol! Det har gjort at mange har hatt mykje jobb med å vatne blomane på gravene. På Mjømna vart diverre eine vassposten øydelagd midt oppi alt godvêret.

Det er planen å få han erstatta så snart som råd. Og i alle fall før neste vatnesesong.

## Salmekveldar

Det blir arbeidd med å få til ein salmekveld i kvar av dei tre kyrkjene våre i løpet av hausten. Sjå oppslag.



## Lysekruna i Mjømna

I Mjømna kyrkje er det ei lysekrune for levande lys. Ho treng vedlikehald og kanskje litt reparasjon.

Vi skal ta ho inn til ein fagmann på området, men han antyder at ein slik jobb kan kome på kr. 20.000,00.

Er dette noko folk har lyst å sponse?

I så fall kan de sende pengar til Mjømna sokneråd, 37050238629, merka *lysekrune*.

Viss de vil at gåva skal kunne trekkast frå på skatten, må ho vere over kr. 500,-. Ta i så fall kontakt med kyrkjeverja, så ordnar vi det.

## Hjarteleg takk

Takk til alle som var med oss i kyrkja ved Ruth Bergljot Tveit sin bisettelse. Takk for alle blomsterhelsingar og for pengegåver til Brekke skulemusikk. Takk til Jens Linde for gode ord.

*Edvard*

*Gunnar, Torill, Reidar og Berit m/familiar*

## Hjarteleg takk

Vi vil takke alle som var med oss på bisettelsen til Helge Odd Tveit. Takk for omtanke, blomsterhelsingar og bidrag til Kirkens Bymisjon, Bergen. *Kari Tveit m/familie*

## Takk

Takk for helsingar og blomar ved Håkon Halland sin bortgang. Takk til langtidsavdelinga for god pleie og omsorg.

*Heidi og Helge med familie*

## Takk

Takk for omtanke, helsingar og blomar i samband med gravferda til Helga Jorunn Virkesdal (død 20.11.17, gravlagd Åsane gamle kirke. Me vil også takke alle som har gitt minnegåve til Kreftforeningen.

*Anna og Noralf, Jørgen m/familie, Rune m/familie og Bjørg Eli m/familie*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

### GULEN SOKN:

**13.05.18:** Sander Svidal. For.: Line Jeanette Restad og Steffen Unneland Svidal.

**20.05.18:** Solveig Margaret Storaas Wilson. For.: Annette Helen Storaas og Matthew Peter Wilson. Busette i Luxembourg.

**20.05.18:** Michael Linus Oddekalv Hauge. For.: Reni Oddekalv og Lasse Hauge

**26.08.18:** Teodor Fosse. For.: Suzanne Gausereide Bauge og Eirik Fosse.

## **MJØMNA SOKN:**

**24.06.18:** Odin Braanaas. For.: Inga Mazeike og Ola Braanaas.

**02.09.18:** Andrid Baarøy Kvinge. For.: Gro Serine Baarøy og Kristian Skjelanger Kvinge. Busette i Masfjorden.

### **Vigde:**

## **MJØMNA SOKN:**

**11.08.18:** Renate Vik og Kim Andre Suleng Waage. Vigde på Skjerjehamn. Busette i Bergen.

**18.08.18:** Nina Gausemel Steinsland og Trond Helge Lie. Vigde i Mjømna kyrkje. Busette i Bergen.

### **Døde:**

## **GULEN SOKN:**

**18.05.18:** Håkon Sigurd Halland, f. 1928.

**04.06.18:** Harald Halland, f. 1932.

**15.06.18:** Ruth Bergljot Tveit, f. 1936

## **BREKKE SOKN:**

**18.05.18:** Inga Ragnhild Haugland, f. 1917.

## **MJØMNA SOKN:**

**26.08.18:** Olav Ingolf Ånneland, f. 1927.

## **Kyrkjekalenderen**



**16.09., 17. søndag i treeiningstida**  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/biskop emeritus Ole D. Hagesæther. Offer: NMS.

**23.09., 18. søndag i treeiningstida**  
**Mjømna kyrkje kl. 16.30** v/Bjørn Magne Hansen. Nattverd. Offer: IKO.

**30.09., 19. søndag i treeiningstida**  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Nattverd. Offer: Alværa

**07.10., 20. søndag i treeiningstida**  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Nattverd. Offer: Fjon Fjellkyrkje.

**14.10., 21. søndag i treeiningstida**  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00:** Familiegudsteneste v/Jens Linde. Hausttakkefest. Utdeling av 4- og 6-årsbøker. Nattverd. Offer: Kyrkjelydsarbeid.

**21.10., 22. søndag i treeiningstida**  
**Brekke kyrkje kl. 11.00:** Familiegudsteneste v/Jens Linde. Hausttakkefest. Utdeling av 4- og 6-årsbøker. Nattverd. Offer: IKO.

**28.10., Bots- og bønedeag**  
**Dalsøyra samfunnshus kl. 11.00:** Familiegudsteneste v/Jens Linde. Hausttakkefest. Utdeling av 4- og 6-årsbøker. Nattverd. Offer: Søndagsskuleforbundet.

**04.11., Allehelgensdag**  
**Gulen kyrkje kl. 11.00:** Allehelgensgudsteneste v/Jens Linde. Dåp. Nattverd. Offer: Kirkens bymisjon

**04.11., Allehelgensdag**  
**Mjømna kyrkje kl. 16.30** Allehelgensgudsteneste v/Jens Linde. Nattverd. Offer: Kirkens SOS.

**11.11., 25. søndag i treeiningstida**  
**Brekke kyrkje kl. 11.00:** Alle-  
helgensgudsteneste v/Jens Linde.  
Nattverd. Offer: Kirkens bymisjon.

**18.11.:** Ikkje gudsteneste i Gulen  
kommune.

**25.11., Domssøndag/Kristi kongedag**  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde.  
Nattverd. Offer: Kyrkjelydsarbeid.

**02.12., 1. søndag i advent**  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Jens  
Linde. Nattverd. Offer: Misjonsavtale

**Laurdag 08.12.**  
**Gulen kyrkje kl. 16.00:** Advents-  
konsert. Offer: Kyrkjelydsarbeid.

**09.12., 2. søndag i advent**  
**Risnehall, Brekke**  
**kl. 13.00:** Adventsverkstad.  
**kl. 15.30:** Familiegudsteneste v/Jens  
Linde.

**Laurdag 15.12.**  
**Brekke kyrkje kl. 16.00:**  
Adventskonsert. Offer: Eige arbeid.

**16.12., 3. søndag i advent**  
**Mjømna kyrkje kl. 16.30:**  
Adventskonsert. Offer: Kyrkjelyden.

**Laurdag 22.12.**  
**Dalsøyra bu- og omsorgssenter kl.**  
**11.00:** Adventsgudsteneste v/Jens  
Linde. Nattverd.

**Laurdag 22.12.:**  
**Byrknes bu- og omsorgssenter kl.**  
**15.30:** Adventsgudsteneste v/Jens  
Linde. Nattverd.

**23.12., 4. søndag i advent**  
**Gulen sjukeheim kl. 11.00:**  
Adventsgudsteneste v/Jens Linde.  
Nattverd.

**23.12., 4. søndag i advent**  
**Brekke bu- og omsorgssenter kl.**  
**15.30:** Adventsgudsteneste v/Jens  
Linde. Nattverd.

**24.12., Julaftan**  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00:**  
Familiegudsteneste v/Jens Linde.  
Offer: Kirkens Nødhjelp.

**24.12.:** Julaftan  
**Brekke kyrkje kl. 14.00.:**  
Familiegudsteneste v/Jens Linde.  
Offer: Kirkens Nødhjelp.

**24.12.:** Julaftan  
**Gulen kyrkje kl. 16.00:**  
Familiegudsteneste v/Jens Linde.  
Offer: Kirkens Nødhjelp.

**25.12., 1. juledag**  
**Gulen kyrkje kl. 12.00:** Høgtids-  
gudsteneste v/Jens Linde. Nattverd.  
Offer: Stefanusalliansen.

**26.12., 2. juledag**  
**Byrknes bedehusapell kl. 11.00:**  
Høgtidsgudsteneste v/Jens Linde.  
Nattverd. Offer: Stefanusalliansen.

**30.12.:** Ikkje gudsteneste i Gulen  
kommune.

**31.12.:** Nyttårsaftan  
**Brekke kyrkje kl. 23.00:**  
Midnattsgudsteneste v/Jens Linde.  
Offer: Redd Barna.